



Foto: Kristian Mjølsneset

SAT-7 får NORAD-støtte til si satsing på ungdom

Med oppfordring til å TENKA, FØLA og HANDLA er SAT-7 i gang med produksjon av nye program retta mot ungdom. Informasjon og kunnskapsformidling skal setta tankar i gang, følelsane blir engasjert gjennom ein dramaserie, og små «reklamesnuttar» oppfordrar til handling.

Temaat som blir tatt opp spenner vidt, frå trusfridom og kvinnerettar til konfliktløysing og mediekritikk. Målsettinga er å auka merksemda rundt menneskerettar mellom sjåarane i tillegg til å inspirera dei gjennom engasjert historieforteljing. Med dette håper ein å få konstruktive innspel på sentrale samfunnsproblem. I tillegg til at mangfald blir peika på som eit gode der mange individ bidrar, blir det understreka kor viktig mangfald er dersom ein vil byggja eit velfungerande samfunn.

Dramaserien utspelar seg på klinikken til psykologparet Adel og Sara som skal handtera alle problema som pasientane deira kjem med. Både dei og sjåarane blir følelsesmessig involverte, og saman med magasinprogrammet der temaat blir sakleg belyst, vil ein nå ut med alternative standpunkt og haldninga. Første episode skal kringkastas i november.

Av: Åslaug Ihle Thingnæs

Algerie: Kyrkjer blir stengde

Myndighetene intensiverer stenginga av kyrkjer i Algerie, melder Middle East Concern. 2. september var det Prince of Peace-kyrkja i Ighzer Amokrane som fekk kroken på døra. Dei prøvde seg ei veke tidlegare, men då okkuperte dei kristne kyrkja si og nekta å koma ut. Ein annan menighet som har fått kyrkja si stengt, har gjennomført gudsteneste på fortauet utanfor kyrkjedøra. Det er m.a.o. tydeleg tale frå dei som blir ramma. Dei ber også om forbøn: Be om Guds fred og visdom i denne tida med aukande press på oss.

Sidan november 2017 har kyrkjene i paraplyorganisasjonen Eglise Protestante d'Algérie (EPA) måttå dokumentera at dei har løyve til å arbeida. Ei forordning frå 2006 som regulerer ikkje-muslimsk gudstilbeding, fastslår at alle må ha det. Samstundes ser myndighetene ut til å ignorera søknadane som kjem. I alle fall har dei ikkje gitt eitt einaste løyve, men i staden har mange kyrkjer mottatt ordre om å stoppa all aktivitet. Til no er sju kyrkjer stengde.

Av: Åslaug Ihle Thingnæs



Live innspeiling i SAT-7 studio i Egypt. Foto: Kristian Mjølsneset



Kyrkje i Algerie

**Les mer om
Midtøsten og
arbeidet på:
nms.no/finndinmenighet**

Hva gjør vi i Midtøsten?

Mediearbeid står sentralt for NMS i Midtøsten. Via Satellitt-TV forkynnes evangeliet, og alternative holdninger og verdier blir formidlet til mange både på TV- og data-skjermen. Interaktive nettsider er strategisk og gir gode muligheter for samtaler om eksistensielle og praktiske spørsmål. Ikke minst med tanke på dem som ikke kan lese og skrive er TV av stor betydning. Sammen med våre partnere støtter vi opp om forfulgte kristne, både praktisk og økonomisk. Kvinners rettigheter er også en viktig del av arbeidet, og flere prosjekt retter seg spesielt mot kvinner som er utsatt for vold og overgrep. I tillegg støtter vi Bibelselskapet i Egypt i deres arbeid med å gjøre Bibelen tilgjengelig for folk flest.